

UTDANNINGSPLAN FOR SPESIALISERING I ALLMENNEMEDISIN FOR LEGAR I LUSTER KOMMUNE



Innhald:

Innleiing.....	2
Spesialistforskriften og Kompetanseforskriften	2
Spesialiseringsløpet Læringsmål, læringsaktiviteter og læringsarenaer	3
Tenestetid	4
Ansvar til kommunen og organisering av legetenesta og spesialistutdanninga	5
Individuell utdanningsplan.....	5
Oppfølging og vurdering av ALIS.....	6
Rettleiing.....	7
Individuell rettleiing.....	7
Grupperettleiing.....	7
Supervisjon.....	8
Vurdering av kompetanse og godkjenning av læringsmål.....	8
Kompetanseportalen (Dossier).....	8
ALIS sitt ansvar.....	9
Læringsarenaer i kommunen.....	10
Læringsarena 1 – Fastlegekontor.....	10
Læringsarena 2 – Legevakt	11
Læringsarena 3 – Sjukeheim (allmenmedisinsk teneste)	11
Læringsarena 4 - KAD/ØHD (allmenmedisinsk teneste).....	12
Læringsarena 5 – Helsestasjon og skulehelsetenesta.....	12
Læringsarena 6 - Kommunal administrasjon	13
Andre samarbeidende læringsarenaer utenfor kommunen.....	14
Læringsarena 1 – Sjukehus/institusjonstenesta	14
Kontaktpersonar i kommunen:.....	15


Innleiing

Spesialistforskrifta og Kompetanseforskrifta

Dei allmenmedisinske fagområda har ei sentral rolle i kommunehelsetenesta. Allmennlegar i primærhelsetenesta har eit breitt spekter av oppgåver, både overfor pasientar og andre tenester i kommunar og spesialisthelsetenesta. Det er ei stor breidd i pasientkategori og tilstandar allmennlegane greier ut og behandlar. Kommunen er avhengig av høg kvalitet i denne tenesta for å sikra innbyggjarane eit godt tilbod.

Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar (Spesialistforskrift) trådte i kraft 1.mars 2017 for utdanninga sin første del (LIS1, tidlegare turnuslege) og 1.mars 2019 for utdanninga sin andre del (LIS2) og tredje del (LIS3).

LIS3 i allmenmedisin blir frå no av omtala som ALIS og står for allmennlege i spesialisering.



Figur 1 : Skissert organisering av ny spesialitetsstruktur.

Etter Forskrift om kompetansekrav for legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta (Kompetanseforskrifta), skal alle legar i kliniske stillingar i kommunen med få unntak vere spesialistar i allmenmedisin eller under utdanning til å bli det.

Spesialistforskrifta § 5 tydeleggjer kommunen sitt ansvar for spesialistutdanninga.

Alle kommunar med legar i spesialisering etter ny spesialistforskrift skal være registrerte utdanningsverksemdar.

Luster kommune har søkt Helsedirektoratet om å bli registrert utdanningsverksemd og søknaden ble godkjent 01.03.2019. Kommunens læringsarenaer med tilknytte læringsmål står oppført under «Læringsarenaer i kommunen».

Som registrert utdanningsverksemd skal kommunen tilby heilskaplege utdanningsløp for kvar enkelt ALIS etter spesialistforskrifta § 23.

Spesialistforskriften § 23. Registrerte utdanningsvirksomheters ansvar for utdanningen

Den registrerte utdanningsvirksomheten skal legge til rette for at utdanningen av spesialister skjer innen faglig forsvarlige rammer og på en måte som sikrer tilstrekkelig kvalitet og gjennomstrømming i utdanningsløpet. Virksomheten skal blant annet

- a) legge til rette for helhetlige utdanningsløp*
- b) legge til rette for læringsaktiviteter slik at legene i spesialisering kan oppnå læringsmålene*
- c) dokumentere hvordan arbeidet med spesialistutdanningen er organisert og hvordan ansvaret er plassert i virksomheten*
- d) utarbeide en plan for spesialistutdanningen. Planen skal blant annet inneholde opplysninger om:*
 - hvilke læringsarenaer som kan tilby de ulike læringsmålene*
 - hvordan veiledningen og vurderingen organiseres og gjennomføres*
 - hvordan det legges til rette for supervisjon*

Spesialiseringsløpet

Læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer

Spesialisering etter ny spesialistforskrift blir primært målt i om **læringsmål** er oppnådd. Med læringsmål siktar ein til kva ein legespesialist skal forstå, kunne eller vera i stand til å utføra. For kvart læringsmål er det stilt krav til kunnskap og/eller ferdigheiter, og fastslått nivå for kompetansen som skal oppnåast.

For å oppnå eit læringsmål, må ALIS gjennomføra ulike **læringsaktivitetar**. Dette kan til dømes vera individuell rettleiing, kurs, grupperettleiing, felleskonsultasjon med supervisor osv.

Den kliniske tenesta blir gjennomført på ulike **læringsarenaer**. Dette vil som regel vera i den kommunale helse- og omsorgstenesta, til dømes fastlegepraksis, sjukeheim eller helsestasjon. Kommunen kan også ha avtale med andre kommunar, institusjonar i spesialisthelsetenesta eller andre om å vera læringsarena.

I allmenntmedisin skal ALIS oppnå både kliniske læringsmål i allmenntmedisin (ALM), og felles kompetansemål (FKM), som er felles for alle spesialitetar. Helsedirektoratet har oppgitt tilrådde læringsaktivitetar for ALM og FKM, men ein kan likevel jobba med eit læringsmål ved å gjennomføra andre læringsaktivitetar enn dei som er oppgitt.

Helsedirektoratet sine utdanningsplanar for læringsmål og tilhøyrande læringsaktivitetar ligg føre i Excel-form og er til kvar tid oppdaterte på:

➔ [Anbefalt utdanningsplan i kliniske læringsmål i allmenntmedisin og felles kompetansemål.](#)

Her vil ein også finna «Temahefte for allmenntmedisin», som gir ei oversikt over læringsmål og læringsaktivitetar for allmenntmedisin.

Tenestetid

Utdanningstida i allmenmedisin er berekna til å vera totalt fem år i full stilling. Ved deltid skal tenestetida forlengjast tilsvarande (jf. Spesialistforskrifta § 31).

Ein kan dela tenesta inn i ulike delar:

- **Allmenmedisinsk teneste:** opp til 4,5 år av tenesta
 - Open uselektert allmennpraksis frå minimum 2 til 4,5 år på heiltid. Minst to år i open uselektert allmennpraksis må gjennomførast i minimum 50 % stilling (jf. Spesialistforskrifta §§ 8, 31)
 - Anna allmenmedisinsk teneste, inntil 2,5 år, kan gjennomførast på andre læringsarenaer. Vanlegvis er dette andre område av den kommunale helse- og omsorgstenesta, som sjukeheimar, legevakt, KAD, helsestasjon og skulehelseteneste, og fengselhelseteneste. Kommunen kan også ha avtale med eksterne læringsarenaer om allmenmedisinsk teneste.
- **Institusjonstenesta:** Tilrådd minimum seks månaders teneste, men kan vara lengre, for å oppnå læringsmål ALM 055 og 085. Tenesta kan gå føre seg i:
 - Godkjend utdanningsverksemd i spesialisthelsetenesta
 - Kommunal helseinstitusjon som har overlege i full stilling, kan tilby individuell rettleiing og supervisjon på nivå med godkjende utdanningsverksemdar og har organisert internundervisning.

Ansaret til kommunen og organisering av legetenesta og spesialistutdanninga

I Luster kommune er legetenesta organisert under Eining helse. Einingsleiar Helse har det overordna ansaret for legar og spesialistutdanninga.

Legetenesta har 11 fastleger og 1 LIS1-lege tilknytt Luster Legekontor, samt kommuneoverlege i 50 % stilling. Desse dekker følgjande funksjoner.

- Sjukeheimslege ved Luster omsorgssenter, langtidsavdeling
- Tilsynslege ved kommunal KAD og Korttidsavdeling ved Gaupne omsorgssenter
- Tilsynslege Hafslo Omsorgssenter, demensavdeling
- Skule- og helsestasjonslege
- Kommunal beredskapslegevakt

Luster kommune har avtale med Helse Førde om sideutdanning/teneste i spesialisthelsetenesta.

Luster Kommune har ansaret for utdanningsløpet for den enkelte ALIS, jf. spesialistforskrifta § 25:

Spesialistforskrifta § 25. Utdanningsvirksomhetens ansvar for utdanningen av den enkelte lege.

Overfor den enkelte lege i spesialisering skal utdanningsvirksomheten legge til rette for at legen skal kunne oppnå læringsmålene og gjennomføre et utdanningsløp for henholdsvis utdanningens første del og for utdanningens andre og tredje del. Virksomheten skal blant annet

- a. sørge for at det utarbeides en individuell utdanningsplan med et utdanningsløp i samråd med legen og at planen revideres ved behov*
- b. legge til rette for at utdanningen kan skje etter den individuelle planen*
- c. legge til rette for at legen får nødvendig veiledning og supervisjon*
- d. oppnevne en individuell veileder*
- e. utstede bekreftelse på gjennomført praktisk teneste.*

• **ALIS-avtale**

Kommunen skal inngå ein ALIS- avtale med kvar enkelt ALIS. ALIS-avtale må liggje føre for at kommunen skal kunna søkja om tilskot til «Nasjonal ALIS og rettleiing». Helsedirektoratet sin mal for ALIS avtale skal nyttast:

➔ [Nasjonal ALIS og veiledning - Helsedirektoratet](#)

• **Individuell utdanningsplan**

Ved oppstart skal kommunen syte for at det snarast mogeleg blir utarbeida ein individuell utdanningsplan med oversikt over dei ulike læringsarenaene ALIS skal jobba på. Dette inneber ein samla utdanningsplan for heile spesialiseringa, ev. ein tidsavgrensa plan ved kortare avtalar. Kommunen skal leggja til rette for at ALIS skal kunna følgja den utarbeidde planen.

➔ [Mal for individuell utdanningsplan](#)

- **Oppfølging og vurdering av ALIS.**

Det skal haldast årlege møte med fagleiar legetenesta, rettleiar og ALIS med gjennomgang og revisjon av individuell utdanningsplan og plan for utdanningsforløpet, med vurdering og godkjenning av læringsmål. Kommunen har ansvar for å leggja til rette for best mogleg læringsforhold, og at det blir sett inn tiltak dersom ALIS ikkje har tilfredsstillande progresjon.

- **Rettleiing og supervisjon**

Kommunen syter for at ALIS får nødvendig rettleiing og supervisjon. Det blir utnemnt individuell rettleiar og lagt til rette for supervisjon på den aktuelle læringsarenaen.

- Kommunen skriv stadfesting på gjennomført praktisk teneste under spesialiseringa.

→ [Helsedirektoratet har standardattestar for dette](#)

Rettleiing

Individuell rettleiing

Rettleiinga skal skje i samsvar med krava i Spesialistforskrifta §§ 2 og 25. ALIS skal ha individuell rettleiing gjennom heile spesialistforløpet, og kommunen har ansvar for å leggja til rette for dette. Rettleiar skal vera spesialist i allmenntmedisin, men eit tidsavgrensa fritak er mogleg.

Rettleiing skal forståast som refleksjonar, råd og oppfølging av fagleg progresjon under spesialiseringa, og dessutan bidra i vurdering av ALIS. Dette inneber planlagde, regelmessige samtalar mellom ALIS og rettleiar. Rettleiinga kan handla om problemstillingar og tema ALIS ønskjer eller har trong for å ta opp, som blir knytt opp mot læringsmål. Individuell rettleiing er ein læringsaktivitet for alle læringsmål.

Det skal skrivast referat frå kvar rettleiingstime i Kompetanseportalen, og rettleiar skal signera læringsaktivitetar. Fagleiar legetenesta vurderer og godkjenner læringsmål, i samarbeid med rettleiar. Rettleiar skal melda frå til fagleiar legetenesta dersom progresjonen over tid ikkje er som forventa.

Det kan vera trong for hyppigare rettleiing i starten av utdanninga, og timetalet kan variera frå månad til månad ut frå kva som er formålstenleg. Rettleiing skal svare til minimum fire timar pr. månad i 10,5 månader pr. år, dvs. 42 timar per år i totalt fem år. Ved trong for ekstra rettleiing utover minimumstalet, avtalast dette mellom ALIS og kommunen. Helsedirektoratet gir kommunen tilskot til kompensasjon av rettleiar. Rettleiaren får i tillegg godtgjering for 1,5 timar i månaden i totalt 10,5 månader i året til førebuingar og etterarbeid. Luster kommune legg til rette for rettleiing utover minimumskravet.

Rettleiarar må setja seg inn i reglane for spesialistutdanninga, og skal ha kompetanse på individuell rettleiing. Det er Luster kommune sitt ansvar å syte for at rettleiar er kvalifisert, og får tilbod om rettleiingskurs ved trong for kompetanseheving.

Grupperettleiing

Deltaking i grupperettleiing er ein viktig del at spesialistutdanninga. Dette skal bidra til betre oppfølging av ALIS og styrkja kvaliteten på spesialistutdanninga. Grupperettleiinga går føre seg over to år, 60 timar pr. år fordelt på ti samlingar. Eitt av åra må gjennomførast når ALIS er i open uselektert praksis.

Legeforeininga har ansvar for å organisera grupperettleiingar.

→ [Meir informasjon om rammer for gruppeveiledning](#)

Supervisjon

Det er avgjerande for god læring at ALIS har tilgang på supervisjon i det daglege arbeidet. Supervisjon inneber at ALIS skal få hjelp og råd i konkrete kliniske situasjonar. Ved nokre læringsaktivitetar må supervisor vera til stades, t.d. ved gjennomføring av praktiske prosedyrar. Elles kan det vera tilstrekkeleg med supervisjon via telefon eller digitale medium. Supervisorar er som oftast legar, men kan også vera andre fagpersonar som jordmødrer, helsesjukepleiarar o.l. som har kompetanse på feltet ein får supervisjon på. ALIS kan ha fleire supervisorar.

Supervisorar skal signera på enkelte læringsaktivitetar i Kompetanseportalen. Ved vurdering av læringsmål skal det innhentast tilråding frå minst ein av supervisorane, i tillegg til rettleiar.

→ [Veiledning og supervisjon - Helsedirektoratet](#)

Vurdering av kompetanse og godkjenning av læringsmål

Fagleiar legetenesta skal syte for at ALIS får fortløpande vurdering av om læringsmåla er oppnådde, og at oppnådde læringsmål blir dokumentert i Kompetanseportalen, jf. Spesialistforskrifta §26. Det skal innhentast tilråding frå rettleiar og minst ein av dei som har delteke i supervisjon. Det overordna ansvaret for vurdering ligg hos leiinga i kommunen og kan ikkje delegerast.

Mange av læringsmåla vil oppnåast i siste del av utdanningstida. Allmenmedisin er eit modningsfag og mange læringsmål krev praksis og erfaring over tid. Signering av læringsmål skal vera ei stadfesting på at ikkje berre læringsaktivitetane er gjennomførte, men at kompetansemåla er nådd.

Vurderingskollegium kan nyttast. Eit vurderingskollegium består av leiar helse, fagleiar legetenesta, rettleiar, ein eller fleire supervisorar, vanlegvis ALIS, og dessutan eventuelt andre relevante medarbeidarar. Leiar helse held vurderingskollegium for å gjennomføra ei heilskapleg sluttvurdering av måloppnåing for ein gitt periode.

Dersom lege i spesialisering ikkje får dokumentasjon på at eit læringsmål er oppnådd, har legen rett til ny vurdering, jf. Spesialistforskriften §26.

→ [Rettleiar for kompetansevurdering av legar i spesialisering.](#)

Kompetanseportalen (Dossier)

I Kompetanseportalen blir rettleiing dokumentert, læringsmål (ALM og FKM) og læringsaktivitetar. ALIS skal invitera rettleiar og fagleiar legetenesta inn i Kompetanseportalen, og fagleiar legetenesta tildeler utdanningsplan. Supervisorar blir berre inviterte inn i Kompetanseportalen for å godkjenna læringsaktivitetar. Det vil som oftast vera fleire supervisorar i eit spesialiseringsforløp.

ALIS sender læringsaktivitetar til rettleiar og supervisor for godkjenning, og læringsmål til fagleiar legetenesta for godkjenning.

Fagleiar legetenesta godkjenner læringsmål i samråd med rettleiar og eventuelt supervisorar når kompetansen blir vurdert oppnådd og læringsaktivitetar er gjennomførte. I kompetanseportalen er det også høve til å laste opp dokumentasjon, og dessutan kommentera, på læringsmål og læringsaktivitetar. Dokumentasjon i Kompetanseportalen dannar grunnlag for vurdering av spesialistsøknad.

Meir informasjon om kompetanseportalen og innlogging finn ein på Helsedirektoratets sider:

ALIS sitt ansvar

ALIS har ansvar for eiga læring og for progresjon i spesialiteten, jf. Spesialistforskrifta §7.

- Ved oppstart skal ALIS utarbeida individuell utdanningsplan samt rettleiingsavtale i samarbeid med fagleiar legetenesta og rettleiar. Desse skal leverast til fagleiar legetenesta.
- ALIS skal følgja opp den individuelle utdanningsplanen sin og delta på læringsaktivitetar. Dette inneber mellom anna at ALIS skal førebu tema/spørsmål til individuell rettleiing, delta på kurs, melda seg inn i rettleiingsgruppe, syte for praksisbesøk og liknande.
- Ved oppstart har ALIS ansvar for å invitera fagleiar legetenesta, rettleier og supervisor i Kompetanseportalen.
- ALIS skal setja seg inn i oppdatert kunnskap på fagområdet, og ta initiativ til særleg innsats når det gjeld læringsmål som blir opplevd som krevjande. Fullførte læringsaktivitetar blir fortløpande dokumenterte i Kompetanseportalen og blir sende til godkjenning hos rettleiar/supervisor der dette er aktuelt.
- Læringsmåla blir sende, i samråd med rettleiar, fortløpande til fagleiar legetenesta for godkjenning.

Læringsarenaer i kommunen

Nedanfor er lista opp læringsarenaer som kommunen dekker gjennom egne tenester og evt. interkommunale tenester der Luster kommune deltek.

Luster kommune har 11 fastlegeheimlar og fast LIS1, samt medisinstudent frå UiB i seks veker to gonger i året. Kommunen har eitt legekantor der tenesta for heile kommunen er samla: Helsesenteret, Øyagata 4, 6868 Gaupne. Her er legetenesta samlokalisert med helsestasjon, jordmor, psykisk helseteam, rus- og erfaringskonsulent, kommunepsykolog, barnefysioterapeut, psykomotorisk fysioterapeut, ergoterapeut, kommuneoverlege og einingsleiar Helse.

Legekantoret har daglegevakt for heile kommunen. Alle allmenntedisinske offentlege oppgåver i kommunen er dekkja av legane tilknytt legekantoret.

Luster kommune har tre omsorgssenter.

- Luster omsorgssenter i Luster har langtidsplassar, eldresenter med omsorgsbustader, dagaktivitetstilbod og base for heimeteneste.
- Gaupne omsorgssenter i Gaupne har korttidsavdeling med kommunal KAD (to plassar), HDO-plassar, omsorgsbustader og base for heimeteneste. Korttidsopphald vert gjeve som utredning/behandling, rehabilitering, øyeblikkeleg-hjelp opphald, avlastning eller tilbod om dag/nattopphald.
- Hafslø omsorgssenter har heildøgntenester for personar med kognitiv svikt, dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt, dagtilbod for heimebuande, omsorgsbustader og base for heimeteneste.

Grandmo miljøteneste gjev tilbod til menneske med nedsett funksjonsevne.

Luster kommune har kommunal beredskapslegevakt utanom ordinær kontortid med avtale om maksimalt 10-delt vakt. Beredskapslegevakta blir betjent av Sogn Legevaktssentral (interkommunal teneste).

Læringsarena 1 – fastlegekontor

Allmenntedisinske offentlege oppgåver er fordelt mellom dei 11 fastlegane. Dei fleste legane jobbar i redusert stilling, men omgjort til pasientar per kurative dag og omrekna til heile stillingar er snitt listelengd på rundt 750 (01.05.2026). Dei fast fordelte oppgåvene er helsestasjon, tilsyn sjukeheim, tilsyn korttidsavdeling/KAD, tilsyn demensavdeling, kommuneoverlege, rettleiing LIS3 / LIS1 og fagleiar. Daglegevakt og legevakter utanom kontortid vert fordelt på dei 11 faste legane og LIS1. LIS1 skal delta på alle dei offentlege oppgåvene gjennom tenesta.

Legekantoret har eit godt utstyrt laboratorium, behandlingsrom for 24 timers-EKG, 24 timers-blodtrykk, spirometri, ultralyd, sårbehandling, infusjonar og akuttrom med utstyr for akuttmedisinske tilstandar med eigen ambulanseingang. Kontoret har uniformert vaktbil med mobilt utstyr inkludert LOCUS. Det er naudnetterminalar til legevakt.

Type læringsarena	Open uselektert allmennpraksis
Lokalisasjon: Luster Legekantor, Helsesenteret	
ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	Alle ALM, bortsett fra ALM 055 og 085. Dette føreset deltaking i legevakt (utanom dagtid).
FKM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan helt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Tilstades og telefon/digitalt

Læringsarena 2 – legevakt

Type læringsarena	Legevakt
Lokalisasjon: Kommunal beredskapslegevakt og daglegevakt	
ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	ALM 002-004 (delvis), ALM 012 (delvis), ALM 018-019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 028-033 (delvis), ALM 035 (delvis), ALM 036-054, ALM 057-058, ALM 059 (delvis), ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 062, ALM 063-064 (delvis), ALM 065-070, ALM 071-073 (delvis), ALM 074, ALM 075 (delvis), ALM 076-079, ALM 080 (delvis), ALM 081, ALM 083, ALM 084 (delvis)
FKM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Til stade og telefon/digitalt

Læringsarena 3 – sjukeheim (allmenmedisinsk teneste)

- Luster omsorgssenter i Luster har langtidsplassar, eldresenter med omsorgsbustader, dagaktivitetstilbod og base for heimeteneste.
- Gaupne omsorgssenter i Gaupne har korttidsavdeling (KA) med kommunal KAD (to plassar), HDO-plassar, omsorgsbustader og base for heimeteneste. Korttidsopphald vert gjeve som utredning/behandling, rehabilitering, øyeblikkeleg-hjelp opphald, avlastning eller tilbod om dag/nattopphald. Ergoterapeut og fysioterapeut knytt til KA.
- Hafslo omsorgssenter har heildøgnsstenester for personar med kognitiv svikt, dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt, dagtilbod for heimebuande, omsorgsbustader og base for heimeteneste.

Kvar eining har eigen tilsynslege.

Type læringsarena	Sjukeheim
Lokalisasjon: Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter	
ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan helt eller delvis oppnå	ALM 002-004 (delvis), ALM 008, ALM 009 (delvis), ALM 012 (delvis), ALM 017 (delvis), ALM 018, ALM 019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 028 (delvis), ALM 029-030, ALM 031-032 (delvis), ALM 034-050, ALM 051 (delvis), ALM 052-054, ALM 057, ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 062, ALM 063-069 (delvis), ALM 070-077, ALM 078 (delvis), ALM 080-081 (delvis), ALM 082-084
FKM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan helt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Til stade og telefon/digitalt

Læringsarena 4 - KAD/ØHD (allmennt medisinsk teneste)

Korttidavdeling med 12 plassar, to senger er øymerka KAD senger – brukt fleksibelt. Legevisitt alle kvardagar. KAD driftast i høve fagleg avtale og driftsavtale med Helse Førde.

Type læringsarena	KAD/ØHD
Lokalisasjon: Gaupne Omsorgssenter - Korttidsavdelinga	
ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	ALM 002-003 (delvis), ALM 008, ALM 018-019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 023 (delvis), ALM 028-032 (delvis), ALM 036-050. ALM 051 (delvis), ALM 052-054, ALM 057, ALM 059 (delvis), ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 062, ALM 063-069 (delvis), ALM 070, ALM 071-073 (delvis), ALM 074 ALM 075 (delvis), ALM 076-077, ALM 078-081 (delvis), ALM 083, ALM 084 (delvis)
FKM: ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Til stade og telefon/digitalt

Læringsarena 5 – helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjonen og skulehelsetenesta i Luster er lokalisert ved Helsesenteret. Samlokalisering med legeteneste legg til rette for dag til dag samarbeid. Jordmor er samlokalisert med helsestasjonen. Legen er til stades totalt 42,66% av full stilling fordelt på tre dagar i veka og gjer avtalte kontroller, vurderingar og samarbeider med alle deler av denne tenesta med oppgåver knytt både til helsestasjon og skulehelsetenesta.

Type læringsarena	Helsestasjon og skulehelsetenesta
Lokalisasjon: Helsesenteret, helsestasjonen	
ALM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	ALM 002-004 (delvis), ALM 006 (delvis) , ALM 008-010 (delvis), ALM 011, ALM 019 (delvis), ALM 21 (delvis), ALM 028 (delvis), ALM 031-032 (delvis), ALM 038-039 (delvis), ALM 041-050, ALM 052-053, ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 063-065 (delvis), ALM 74 (delvis), ALM 079, ALM 080-081 (delvis), ALM 083, ALM 084 (delvis)
FKM: Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Til stade og telefon/digitalt

Læringsarena 6 - kommunal administrasjon

Kommuneoverlegen forvaltar dette læringsmålet. Det er kommuneoverlege i 50 % stilling. Aktuelle tema for supervisjon er smittevern, beredskap, folkehelse, miljøretta helsevern, helsejuss, forvaltning og sakshandsaming, etiske refleksjonar, kvalitetsarbeid og rådgjeving av fagleiar/einingsleiar helse/kommunalsjef helse, omsorg og sosial og tenesta. Kommuneoverlegen er og med på internundervisninga som blir gjennomført i legegruppa kvar veke med aktuelle tema og elles som deltakar.

Type læringsarena	Kommunal administrasjon
Lokalisasjon: Helsesenteret, Luster Legekontor	
ALM: Læringsaktiviteter knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	ALM 003-004, ALM 010-011, ALM 052-053, ALM 088.
FKM: Læringsaktiviteter knytt til læringsmål som ein kan heilt eller delvis oppnå	Alle FKM
Supervisjon går føre seg ved:	Til stade og telefon/digitalt

Andre samarbeidande læringsarenaer utanfor kommunen

Læringsarena 1 – sjukehus/institusjonsteneste

Dei regionale helseføretaka skal legge til rette for at legar i spesialisering kan få nødvendig praktisk teneste i spesialisthelsetenesta. Helse Førde vil legge til rette for å stette krava i *Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger (spesialistforskriften)*.
Eksempelvis: forskning, kommunikasjon/samarbeid , institusjonsteneste, klinisk arbeid, samhandling.

Det kan lagast meir detaljert avtale for den einskilde utdanningskandidat med bakgrunn i rammeavtale mellom helseføretaket og kommunen. Alle LIS3 får tildelt personleg rettleiar ved oppstart av tenesta på dei ulike avdelingane i helseføretaket.

Kontaktpersonar i kommunen per 01.05.2026:

- Kommunalsjef helse, omsorg og sosial, John Olaf Røhme :
john.olaf.rohme@luster.kommune.no
- Einingsleiar Helse, Kari Ingeborg Bukve:
kari.ingeborg.bukve@luster.kommune.no
- Fagleiar Legetenesta, Morten Larsen:
morten.hojlund.larsen@luster.kommune.no
- Kommuneoverlege, Ingunn Elise Watsend Erichsen:
ingunn.elise.watsend.erichsen@luster.kommune.no